



ÅRSMELDING
SETESDAL
INTERKOMMUNALT
POLITISK RÅD
2022

STYRELEIAR HAR ORDET

SETESDALSREGIONEN – MOGLEGHEITER OG UTFORDRINGER

Setesdalsrtår i dag av dei 5 kommunane Åseral, Evje & Hornnes, Bygland, Valle og Bykle, med eit samla folketal på omkring 8000.

Sjøl om regionen vår er liten når det gjeld folketalet, bur me i ein region med mange moglegheiter for å utvikle gode buvilkår, utvikle næringsvirksomhet basert på lokale ressurser, spesielt innan reiseliv/turisme, gode tilbod om kompetanseheving, er også eit viktig stikkord i denne samanhengen.

Eit godt regionalt samarbeid har vist at det gjev gode resultat for regionen. Oppgraderinga av Rv 9, er eit godt døme på det, og regionen står også samla bak arbeidet med ny Ose bru, eit prosjekt som vil gje positive ringverknader i høve eksisterande og ny næringsutvikling og beredskap.

Utbetring og oppgradering av Fv 42 frå Hornnes og vestover, er nå i startfasen, og her er det viktig at regionen presser på for ein rask og kontinuerlig gjennomføring av prosjektet. Fv 42 er viktig av fleire årsaker, men spesielt viktig i høve og knytte Åseral tettare til dei øvrige kommunane i regionen, når det gjeld samferdsel.

Regionen står også samla i arbeidet med å få bygdevekst-avtale, og om å få nasjonal turistveg-status på Rv 9 frå Evje til Hovden. Arbeidet med Regionplan Setesdal, er det også viktig å kome igong med, då dette er viktige prosjekt i høve utviklinga av regionen.

Opprettelsen av ordførerutval, med månedlige møter, der ein kan drøfte ulike tema som er viktige for regionen, har styrka det regionale samarbeidet, og i kombinasjon med besøk hos ulike bedrifter, har dette også gitt eit godt innblikk i evt utfordringar som det etablerte næringslivet har.

Sjøl om me som region har mange moglegheiter, står me likevel overfor mange utfordringar. Demografi-utfordringane rammer oss som mange andre distriktskommunar. Folketalsutviklinga er negativ og må snuast, og her ligg det også ei utfordring i å få ny busetnad sjøl om arbeidsplassen ligg utafor regionen. Pandemien lærte oss at dette er nye moglegheiter som må utnyttast.

I Agder vert det no arbeida med fleire store etableringer som vil skape mange arbeidsplassar. Havvind, batterifabrikk, oppdrettsnæring, for å nevne noen. Dette er etableringar som vår region bør söke å få del i, og spørsmålet som bør stillast er om regionen er rusta for å kunne ta del i noe av denne verdiskapinga, eller om regionen samla sett er for liten til å kunne gjør seg gjeldande.

Spørsmålet som kan stillast er om den regionale strukturen på Agder er for fragmentert, eller om det er på tide å snakke om Agder som region, og som då ville gjøre det lettare å «Ta heile Agder i bruk». Uansett er det nok nødvendig å styrke det interregionale samarbeide, dersom me som region skal vere istrand til å møte komande utfordringar som me står overfor.

Med helsing

Sigbjørn Åge Fossdal

Leiar, Setesdal interkommunalt politisk råd

Valle, juni 2023



INNHALDSLISTE

STYRELEIAR HAR ORDET	3
STYREMELDING	6
ARTEN OG INNHALDET VERKSEMDA	6
FORMALIA - FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET	6
FRAMHALD AV DRIFTA	8
ARBEIDSMILJØ	8
LIKESTILLING OG MANGFALD	8
ØKONOMI OG RESULTAT	9
DRIFTSREKNESKAPEN	9
INVESTERINGSREKNESKAPEN	10
SAKSOMFANG	11
GODKJENNING – ÅRSMELDING	11
ORGANISASJON	13
REPRESENTANTSKAP	13
STYRE	14
OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT	14
KOMMUNEDIREKTØRANE I DEI	14
SAMARBEIDANDE KOMMUNANE	14
ORDFØRARUTVAL	14
ADMINISTRASJON – KONTOR	14
KOMMUNEDIREKTØRUTVALET	14
REGIONAL OG NASJONAL UTVIKLING OG SAMHANDLING	17
MARKNADSFØRE OG UTVIKLE SETESDAL	
SOM REISELIVSDESTINASJON	18
VIDAREUTVIKLE SETESDALSREGIONEN SOM	
EIN KOMPETANSEREGION	20
UTVIKLE ATTRAKTIVE OG LIVSKRAFTIGE BYGDER	22
INFRASTRUKTUR	22
BYGDEVÅKST	22
KVINNESPRANGET I SETESDAL	23
SETESDAL E-BIKE	23
UNGDOMSRÅD	24
REGIONALT POLITIRÅD	25
LADESTASJONSOPPFØLGING	25
ARRANGEMENT	25
NÆRING	28
NÆRINGSSAKER OG REGIONALT NÆRINGSFOND	28
SETESDALKONFERANSEN	30
SETESDALSPRISEN 2022	31
NY SETESDALSAMBASSADØR	34
EIGARSKAP	36
INFORMASJON OG OPENHEIT	37
ØKONOMI	38
NOTER	46
REVISORMELDING	56

Byglandsfjorden har ei
strandlengde på 87,57 km
Foto: Geir Daasvatn

STYREMELDING

ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMDA

Setesdal interkommunalt politisk råd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral. I samband med ny kommunelov vart det vedteke at verksemda skal vere eit interkommunalt politisk råd, organisert i medhald av kap. 18 i ny kommunelov.

Setesdal IPR er eit sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune.

Setesdal IPR sin visjon er Setesdal er Agder sitt grøne hjarta, og har som formål å utvikle Setesdalsregionen. Vårt hovudmål er levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region.

Verksemda har tre strategiske satsingsområde:

- 1 Marknadsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon
- 2 Vidareutvikle Setesdalsregionen som ein kompetanseregion
- 3 Utvikle attraktive og livskraftige bygder
Ein skal også forvalte regionalt næringsfond gjennom eigne vedtekter vedteke av styret på ein slik måte at ein støttar og forsterkar dei tre hovudstrategiane.

FORMALIA – FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET

I ekstraordinært representantskapsmøte 19. juni 2019 handsama representantskapet sak om endring i samband med ny kommunelov. Det vart også vedteke at styret skal ha to faste styremedlemar og to varemedlemar frå kvar deltagarkommune. Ordførar og både kjønn skal vere representert blant dei faste styremedlemene.

Strategien i eit nøtteskal:

FORMÅL OG ROLLER	RESSURSER OG MOGLEGEHETER	VISJON OG HOVUDMÅL	STRATEGIAR
FORMÅL: Setesdal interkommunalt politisk råd (IPR) har som formål å utvikle Setesdalsregionen	REGIONENS FORTRINN: <ul style="list-style-type: none">• Natur• Kultur• Rein energi GLOBALE MEGATRENDER <ul style="list-style-type: none">• Digitalisering• Det grøne skiftet	VISJON: Setesdal er Agder sitt grøne hjarte	STRATEGI 1: Markedsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon
ROLLER: <ul style="list-style-type: none">• Markedsføre regionen• Vere ein pådrivar for regional utvikling• Samordne og ivareta regionens interesser	VERDIAR FOR SAMARBEIDET <ul style="list-style-type: none">• Tillit• Openheit• Nytenkande	HOVUDMÅL: Levande og inkluderande lokalsamfunn i ein vekst- og berekraftig region	STRATEGI 2: Vidareutvikle Setesdalregionen som ein kompetanseregion

I ekstraordinært representantskapsmøte 26. august 2019 handsama representantskapet søknad frå Åseral kommune om medlemsskap i Setesdal regionråd. Åseral kommune vart ny medlemskommune frå 1. september 2019.

I styremøte 18.12.19, sak PS 99/19, vart det vedteke å starte ein strategiutviklingsprosess, og forslag til ny samarbeidsavtale vart laga i samband med strategiprosessen. Ny samarbeidsavtale vart handsama i dei einskilde kommunestyra etter handsaming i styre og representantskap i juni 2021.

Ny strategi vart vedteke 4. november 2020, sak 78/20. Hausten 2021 blei det gjennomført ein prosess for å utvikle ein handlingsplan for strategien. Handlingsplanen for 2022–2025 består av seks hovudsatsingar (to per strategi) og

aktivitetar for kvar hovudsatsing. Ei hovudsatsing skal invitere til og bidra til regional samhandling, og mobilisere kommunar, organisasjonar og bedrifter til å delta for å nå måla i handlingsplanen. Hovudsatsingane skal samla bidra til å spisse dei tre strategiane for Setesdal IPR. Setesdal IPR skal ha eigarskapet til hovudsatsinga, og vere drivkrafta bak.

Handlingsplan 2022–2025 vart vedteke i styre 15. desember 2021 og lagd fram for representantskapet same dag.

Handlingsplan 2022–2025

Setesdal interkommunalt politisk råd

Vedteke i styremøte 15. desember 2021 (92/21)
og lagt fram for representantskapet same dag



FRAMHALD AV DRIFTA

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med, og i medhald av, den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2022 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar med rammeløyving til regionalt næringsfond. Vidare fekk vi til eit samarbeid med Agder Fylkeskommune om at dei er med å finansierer kompetansesatsinga vår med kr 600.000,- i 2022.

ARBEIDSMILJØ

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har ikkje vore skader på personell eller utstyr i 2022. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Verksemda er Miljøfyrtårnsertifisert. Kvalitetssystemet Compilo er teke i bruk, og ein nyttar seg av dei same etiske retningslinjer som vertskommunen Valle har.

Glimt frå styremøte,
Åseral rådhus
Foto: Setesdal IPR



LIKESTILLING OG MANGFALD

Aktivitet knyta til likestillings- og diskrimineringslova skal omtales i årsmeldinga som en del av rapporteringsplikten Setesdal interkommunalt råd er pålagd. Med så få tilsette er det ikkje et område det er naudsynt å ha eigne planar til føremålet, men det er likevel viktige område som ein tilstreber god praksis på, til dømes ved tilsettingar.

Representantskapet i Setesdal IPR er sett saman av 5 formannskapsrepresentantar frå deltakarkommunane, 13 kvinner og 12 menn.

Styret i Setesdal IPR er sett saman av 2 politikarar frå kvar kommune og består ved utgangen av 2022 av 5 menn og 5 kvinner.

Ordførarutvalet i Setesdal IPR er sett saman av ordførarane i kvar kommune og består ved utgangen av 2022 av 4 menn og 1 kvinne.

Det er 3 tilsette – 2 kvinner og 1 mann. Kommunedirektørutvalet fungerer som valkomité for oppnemning av styrerepresentantar til interkommunale verksemder. Der legg ein vanlege reglar for likestilling til grunn.



ØKONOMI OG RESULTAT

Styret legg fram rekneskapen for 2022.

Rekneskapen er førd i Valle kommune og revidert av Agder kommunerevisjon IKS. Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit dekkande bilet av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar, eller uvisse, når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapen for 2022.

Andre kommentarar:

DRIFTSREKNESKAPEN

Rekneskapen for 2022 viser eit netto driftsresultat på kr. 247 381. Sum driftsinntekter var på kr. 8 627 767, og sum driftsutgifter var på kr. 8 864 025. Renteinntekter fra Valle sparebank var kr. 232 796, og utbytte fra forsikring var på kr. 819.


Årets avskrivninger var på kr 250 023.

Budsjettert bruk av frie driftsfond var på kr 2 584 576, og budsjettert avsetning til frie driftsfond var på kr. 1 587 243. Det har blitt overført kr 6 276 til investeringsrekneskapen. Disse disposisjonane i tillegg til netto driftsresultat på kr 247 381 gir et mindreforbruk på kr 1 238 438 før strykninger.

Strykning av bruk av disposisjonsfond på kr 1 238 438 ble gjennomført ved årsavslutning, og rekneskapen for 2022 står da med kr. 0 i meir- eller mindreforbruk etter strykninger.

Når det gjeld budsjettavviket «Bevilgninger netto», (i skjema § 5-4,(1)) kor det er bokført kr 13.766 mot et regulert budsjett på kr 1.038.477, så er dette ein samlepost og hovudårsaken til budsjett avviket skyldas mindre utgifter på art 1470* - Overføring til andre som har et mindreforbruk på 1,013 MNOK (58,5 %). Mindreforbruket er løyvingar som helt eller delvis ikkje blei utbetalt i 2022, og som derfor blir avsett til fond ved årsskiftet for seinare ubetaling.

Når det gjeld budsjettavviket på renteinntektar (i skjema § 5-4,(1)), kor det er bokført kr -232.796 mot budsjett på kr -111.000, så skyldas avviket auka rentenivå.



INVESTERINGSREKNESKAPEN

Rekneskapen her viser at sum inntekter minus utgifter blei på kr. 570 658. Inntektene gjeld sal av alle aksjar i Evjeklinikken Holding som ble kr 626 934 i inntekt. Utgiftene på kr. 50 000 var ei investering i det nystarta selskapet Visit Setesdal AS.

Kr 6 276 vert overføra frå drift.

Kr 626 934 vert avsett til fritt investeringsfond.

Kr 50 000 vert bruk av fritt investeringsfond.

ANNA

RISS prosjektet var avslutta og revidert, og står oppført med ei balanseført fordring mot Innovasjon Norge på kr. 285 298 som har løyvd støtte til prosjektet. Dette beløpet vil bli søkt utbetalt til Setesdal IPR i løpet av 2023.

Elsykkel prosjektet var avslutta og revidert, og står oppført med ei balanseført fordring mot Agder fylkeskommune på kr 143 206 som har løyvd støtte til prosjektet. Det har blitt bedt om utbetaling i 2023.

Åseral rådhus.

Foto: Setesdal IPR



Desentralisert helseøsterutdanning prosjektet var ferdig og revidert i 2021, og stod oppført med ei balanseført fordring mot både Sørlandets kompetansefond, og Sparebankstiftelsen Sør i 2022. Fordringane var på til saman kr 545 434. Disse midlane har blitt utbetalt til Setesdal IPR i 2023.

Saldo på fond 31. desember 2022:

Frie investeringsfond kr 2 576 222
Bundne driftsfond kr 384 866
Frie driftsfond kr 22 338 285

Styret godkjenner rekneskapen som framlagt.

SAKSOMFANG

Setesdal interkommunalt politisk råd handsama i 2022 88 politiske saker, og det vart lagt fram 48 referatsaker og 4 førespurnadar. Det vart fatta 31 delegerte vedtak frå administrasjonen. Rådet hadde 6 styremøte, 2 representantskapsmøte og 10 møte i ordførarutvalet.

I tillegg til å gje ordinære høyringsuttalar, engasjerte Setesdal IPR seg i fleire saker med regional betydning; til dømes berekraftig klinikksstruktur i tannhelsetenesta, regional plan for mobilitet og regional plan for senterstruktur osv.

GODKJENNING –ÅRSMELDING

I styremøte 23. juni 2023 vart årsmeldinga handsama og godkjent, jf. styresak PS 38/23

Steinar Kyrvestad, AP,
ordførar og styreleiar

Margit Dale,
SP

Jon Rolf Næss, AP,
ordførar

Tone Lise Avdal,
V

Sigbjørn Åge Fossdal, AP,
AP, ordførar og nestleiar


Anne Eikerapen,
H

Svein Arne Haugen,
AP, ordførar

Britt Ingrid Andersen,
AP

Inger Lise Lund Stulien,
AP, ordførar

Jan Arild Bjørndal,
Ap



ORGANISASJON

REPRESENTANTSKAP

Formannskapet, ved 5 representantar frå kvar av dei fem samarbeidskommunane er representantskap for Setesdal interkommunalt politiske råd. For perioden 2022/2023 vart Inger Lise Lund Stulien vald til leiar.

For kommunevalperioden 2019–2023 er medlemmene i representantskapet desse:

- **Bykle kommune:** Jon Rolf Næss fram til 1. september 2022, Jan Dagfinn Dalen frå 1. september 2022, Tone Lise Avdal, Kay Jeiskelid, Anne Karin Blix Grimestad, Kari Nomeland-Strømsøe
- **Valle kommune:** Steinar Kyrvestad, Liv Tanche-Larsen, Knut Hagen, Georg Sørmo, Margit Dale

- **Bygland kommune:** Sigbjørn Åge Fossdal, May Britt Stenjor, Anette Skarshaug Skeie, Olav Neset, Signe Berit Sollien Haugå
- **Evje og Hornnes kommune:** Svein Arne Haugen, Britt Ingrid Andersen, Finn Bjørn Rørvik, Morten K. Haraldstad, Torhild Hornnes
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien, Jan Arild Bjørndal, Gro Boge Aasheim, Eirin Åslund Goksem, Jan Stangvik

Dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett. Kommunedirektørane møter med møte- og talerett. Fylkesordførar og fylkesrådmann har møte- og talerett.

STYRE

For perioden 2022/2023 vart Sigbjørn Åge Fossdal vald til styreleiar og Steinar Kyrvestad nestleiar.

For kommunevalperioden 2019–2023 er medlemmene i styret desse:

- **Bykle kommune:** Jon Rolf Næss fram til 1. september 2022, Jan Dagfinn Dalen frå 1. september 2022 og Tone Lise Avdal
- **Valle kommune:** Steinar Kyrvestad og Margit Dale
- **Bygland kommune:** Sigbjørn Åge Fossdal og Anne Eikerapen
- **Evje og Hornnes kommune:** Svein Arne Haugen og Britt Ingrid Andersen
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien og Jan Arild Bjørndal

OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT

Agder fylkeskommune:

- Fylkesordførar Arne Thomassen og opposisjonsleiar Gro Bråten
- For fylkesrådmannen har Kristin Tofte Andresen, fylkesdirektør næring, kultur og kulturminnevern møtt

Kommunedirektørane i dei samarbeidande kommunane:

- **Valle kommune:** Vidar Homme
- **Evje og Hornnes kommune:** Frantz Are Nilsen
- **Bygland kommune:** John Salve Sigríðnes
- **Bykle kommune:** Karina Sloth Grindland
- **Åseral kommune:** Kåre Einar Larsen

ORDFØRARUTVAL

Utvalet er oppretta for å styrke styret, det regionale samarbeidet og fremme regionens interesser, og har inga vedtaksmynne. Ordførarutvalet består av ordføraren i dei deltagande kommunane og vel sjølv leiar for to år om gongen. Leifarfunksjonen følger styreleiarfunksjonen. Ordførarutvalet har møte ein gong i månaden. Dagleg leiar koordinerer og skriv referat.

For kommunevalperioden 2019–2023 er medlemmene i ordførarutvalet desse:

- **Bygland kommune:** Sigbjørn Åge Fossdal, leiar
- **Valle kommune:** Steinar Kyrvestad

- **Evje og Hornnes kommune:** Svein Arne Haugen
- **Åseral kommune:** Inger Lise Lund Stulien
- **Bykle kommune:** Jon Rolf Næss fram til 1. september 2022, Jan Dagfinn Dalen frå 1. september 2022

Ordførarutvalet har bedriftsbesøk som ein fast post på programmet når dei møtes. I 2022 vitja utvalet desse verksemndene:

- Klippekroken – **Åseral kommune**
- Setesdal folkehøgskule – **Valle kommune**
- Fasseland mekaniske verksted – **Åseral kommune**
- Bykle vindu – **Bykle kommune**
- TL produkter – **Bykle kommune**
- Nordan – **Evje og Hornnes kommune**
- Bygland bryggeri og Ose water – **Bygland kommune**

ADMINISTRASJON – KONTOR

Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad. Rita Hansen er tilsett som dagleg leiar i 100% stilling. Roy Bakke er tilsett i 50 % stilling og Kathrine Hovet Pentreach i 100% stilling frå 1. juni 2022.

Setesdal interkommunalt politisk råd kjøpar tenester frå Valle kommune, og har tilknytt Marie Pedersen til mellom anna arkiv. Vertskommunen yter tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, og kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester.

Setesdal interkommunalt politiske råd har temporære tenestekjøp i samband arbeidet i Visit Setesdal, med kurs og kompetansetiltak, arrangementsavvikling og prosjekt mv.

Agder Kommunerevisjon IKS er revisor for Setesdal interkommunalt politisk råd.

KOMMUNEDIREKTØRUTVALET

Når det gjeld saker som fell inn under Setesdal IPR sin strategi, har kommunedirektørutvalet i 2022 saman med dagleg leiar utarbeidd eit felles regionalt konsept for bygdevekst. Dette arbeidet er nytlig for vidare utvikling sjølv om søknaden ikkje nådde opp i denne omgang.



Ordførarane vitjar Stortinget

Foto: Setesdal IPR



REGIONAL OG NASJONAL UTVIKLING OG SAMHANDLING

Ein har etablert gode arena for samarbeid og dialog både politisk og administrativt.

Agder fylkeskommune ved fylkesordførar, opposisjonsleiar og fylkeskommunedirektør møter fast på styremøte og held styret orientert om aktuelle saker. Fylkeskommunen medverka med midlar til regionalt næringsfond, avsetningar til Rv 9-utbygginga samt med midlar til ein stillingsressurs for å arbeide med kompetanse, som er ein av Setesdal IPR sine tre hovudsatsingsområde.

Dialogmøter med politiske utval i fylkeskommunen er gode arenaer for å bli betre kjent og for å sette økeljos på viktige tema for regionen vår. Setesdal IPR deltok også i 2022 på årleg dialogmøte mellom fylkesutvalet og dei fire interkommunale politiske råda på Agder. I september deltok politisk og administrativ leiing også i dialogmøte med hovudutval for utdanning og kompetanse.

Hovudmålet med Regionplan Agder 2030 er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Setesdal IPR er representert i fleire arena og møtepunkt i høve oppfølging av planen. Setesdal IPR deltek også i Regionalpolitisk industrigruppe, som omhandlar aktuelle tema som omfattar grøn industripolitikk.

I samband med Regional planstrategi Agder har ein vore opptatt av å kome i gang med Regionplan Setesdal. Ved utgongen av 2022 har planarbeidet enno ikkje starta opp, men i mars 2022 var det førebuande dialogsamling om Regional plan for Setesdal. Føremålt med samlinga var å ha dialog om når og korleis arbeidet kan gjennomføras.



Dialogsamling på Furuly Foto: Setesdal IPR

Regionalt samarbeid mellom dei fire interkommunale politiske råda er viktig og nyttig, og Østre Agder IPR, Lister IPR, Region Kristiansand og Setesdal IPR har etablert gode, faste møtepunkt.

Samarbeidet med Universitetet i Agder er viktig, og ein har over tid utvikla eit godt fundament og gode strukturer for samarbeid – spesielt når det gjeld tilbod om distriktsvenlege utdanninger.

Samhandling utover Agder er også viktig, og i april vitja ordførarutvalet Stortinget og hadde møte med komitémedlemmer innan finans, energi, forsvar, samferdsel, landbruk og næring.

MARKNADSFØRE OG UTVIKLE SETESDAL SOM REISELIVSDESTINASJON

Hovudarbeidet er utvikling, gjennomføring og koordinering av marknadsføringa av Setesdal som reiselivsdestinasjon og merkevare.

Sjølvé Visit Setesdal er organisert med eit interimstyre, der dagleg leiar deltek. Prosessen med å lande ein eigna, permanent organisasjonsform hald fram gjennom 2022. Målet er at Visit Setesdal vert etablert som eiga AS, eigd av Setesdal IPR, med eigne vedtekter, styre osv. Prosessen drog noe ut i tid, hovudsakleg som følje av formalia i samband med registrering i Brønnøysundregisteret. Ved utgongen av 2022 stod det berre detaljer att.

Visit Setesdal har to oppdragsgivarar. Den eine er Setesdal IPR, som har Marknadsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon som ein av tre hovudsatsingsområde. Her er oppgåva å byggja merkevara Setesdal og koordinera reiselivsarbeidet i regionen. Utviklinga av reiselivet skal skje på ein berekraftig måte. Aktivitetsnivået er styrkt dei seinare åra, og det blir no lagt betydeleg vekt på samarbeid, felles aktivitetar og identifisering av dei fyrtårna som regionen kan bruka i marknadsføringa. Gjennom 2022 har ein jobba med marknadsføring, utvikling av vertskapsrolla og utvikling av reiselivsproduktet.

Den andre oppdragsgivaren til Visit Setesdal er reiselivsbedriftene sjølvé. Gjennom forpliktande partneravtalar skal bedriftene sameinast i arbeidet med å auka gjestevolumet, betre lønnsemda og samtidig unngå negativ påverknad på natur og miljø, og med ei lokalbefolking som heiar på næringa. Det er 37 partnerbedrifter i Visit Setesdal.

Holland Norway Lines (HNL) starta opp ferjerute mellom Groningen og Kristiansand i april 2022, og her er eit stort potensialt for heilårsturisme. Visit Setesdal har marknadsført regionen gjennom sosiale media og merka allereie første sommar ei auka mengd besøkande frå Nederland, Belgia og Sveits. Det er etablert eit godt samarbeid mellom HNL og Visit Setesdal.

På grunn av pandemien vart dei aller fleste reiselivsmessene avlyste, men Visit Setesdal var representert på Reiselivsmessen i Herning (DK) med ein liten delegasjon. Norwegian Travel Workshop (NTW) 2022 vart halde i Kristiansand. NTW er Noregs største messe for utanlandske tur- og gruppeoperatørar, og Visit Setesdal møtte mange potensielle kundar. I tillegg vart det arrangert ein visningstur i samarbeid med Visit Norway og Visit Telemark.

Marknadsføring av regionen blir stort sett gjord gjennom nettsida setesdal.com, sosiale medium som f.eks facebook, google adds og youtube. Trykksakene Setesdalsguiden og Vandreguiden, som er oversett til fleire språk, er det stadig stor etterspurnad etter.

Setesdal er merka som berekraftig reisemål, ei ordning som blir forvalta av Innovasjon Noreg. Det vart i 2022 sett ned ei berekraftsgruppe bestående av representantar frå kvar kommune, og samarbeidet var både naudsynt og nyttig. Prosjekt med re-merking av Setesdal som eit berekraftig reisemål starta opp med frist på å bli re-merka innan utgangen av 2022. Det er likevel ein krevjande prosess å bli re-merka, og frist for re-merking vart utsett til februar 2023.



Visit Setesdal på reiselivsmesse i Herning
Foto: Marcin Matysik

VIDAREUTVIKLE SETESDALSREGIONEN SOM EIN KOMPETANSEREGION

Hausten 2022 starta UiA opp distriktsvennleg barnehagelærarutdanning i Setesdal. Studiet er ei samlings- og nettbasert 4-årig bachelorutdanning. I juni 2022 starte me mobiliseringsarbeidet til distriktsvennleg vernepleiarutdanning, med oppstart hausten 2023. Det er krav om 30 veker praksisundervisning gjennom studiet, og ho blir gjennomført lokalt i Setesdal. Utdanninga er på deltid og strekkjer seg over fire og eit halvt år.

Dei distriktsvennlege utdanningane er samlings- og nettbaserte, og Setesdal vidaregåande skule, avdeling Hornnes nyttas som lokalt studiestad. Både fylkeskommunen og Setesdal vidaregåande skule stiller opp og bidrar til gode, praktiske løysningar der dei kan. Utfordringane i opptakskrets Setesdal for å få tilstrekkelig tal kvalifiserte søkerar til at studiar faktisk kan starte opp er derimot ein utfordring som me kjem til å ha i overskodeleg framtid.

Agder fylkeskommune, Østre Agder IPR, Lister IPR og Setesdal IPR deltek i det tre-årlige prosjektet «Kompetansepilot Agder – mobilisering til kompetanseheving i distriktene» som starta opp i 2021. Dagleig leiar deltek i prosjektstyret og prosjektgruppa. Gjennom prosjektet kompetansepilot har det vore gjort ein stor innsats for å gje kompetanse og kompetansemoglegheiter meir tilgjengeleg, spesielt for privat sektor.

Prosjektet gjekk over i ein ny fase i løpet av 2022, og det blei jobba fram avtaler om leveransar inn i prosjektet. Utover i 2023 vil det vera fokus på å finne gode løysningar på å få innspel frå næringslivet, samt struktur på oppfølging av innspel.


På nettsida vår har me no ei eiga samleside om kompetanse. Samlesida om kompetanse vil gjera marknadsføringa av kompetansemoglegheiter lettare, og er eit viktig satsingsområde for 2023.

Her synleggjer me kompetansemoglegheiter for både bedrifter og enkeltpersonar, med informasjon om:

- Kompetansepilot Agder
- Distriktsvennleg utdanning
- Kompetansebehov? Digitalt skjema for innmelding av kompetansebehov
- Guide til etter og vidareutdanning
- Utdanning og jobbrettleiing
- Etablerersenteret Agder
- Oversikt over utdanningsinstitusjonar i Setesdal
- Setesdal opplæringskontor
- Søknadsfristar for ulike typar utdanning

I saman med Etablerersenteret skipa Setesdal Interkommunalt politisk råd til fleire gründerkurs i 2022, med godt oppmøte og gode tilbakemeldingar.

Vårt hovedmål er levande og inkluderende lokalsamfunn
Foto: Erik Ruud



UTVIKLE ATTRAKTIVE OG LIVSKRAFTIGE BYGDER

INFRASTRUKTUR

Sjølv om Rv. 9-prosjektet «Gul stripe til Hovden» nærmar seg slutten, er det framleis trøng for politisk påverknadsarbeid. Her har regionen mange gode støttespelarar både regionalt og nasjonalt. I oktober var det igjen tid for snorklypping, da det var offisiell opning av Rv. 9 Rotemo-Lunden og Rv. 9 Badstogdalen-Hartevatn. Det er som regel godt oppmøte og stor stemning når vegstrekningar vert opna i regionen – desse opningane var inga unntak!

Det har i seinare år ikkje vært opna for å legge inn nye vegstrekningar i det nasjonale programmet Nasjonale Turistvegar. Men i noverande regjeringsplattform, Hurdalsplattformen, heiter det at regjeringa skal «videreutvikle ordningen med nasjonale turistveier.» I 2022 vart det derfor satt trykk på arbeidet med å få deler av Rv. 9 inn i det nasjonale programmet. Målet er forankra både i Regionplan Agder 2030, lokal reiselivsnæring og i Setesdal IPR sin strategi- og handlingsplan. Arbeidet vil fortsette i 2023.

BYGDEVEKST

Kommunal- og distriktsdepartementet lyste ut ei ny ordning med bygdevekstavtaler. Det overordna målet for ordninga med bygdevekstavtaler er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidssretta næringsutvikling.

Setesdal interkommunalt råd meldte førehandsinteresse for deltaking i pilotprosjektet – Bygdevekstavtale i region Setesdal. Åseral kommune sendte, på vegne av dei 5 samarbeidskommunane, inn søknad om deltaking. Sjølvé søknaden vart også handsama i dei einskilde kommunestyra. Søknaden nådde ikkje opp, men det var en nyttig prosess i samarbeidet. Signaler frå nasjonale styresmakter tyder på at det vil bli ein ny utlysning i 2023.

Arbeid for "Gul stripe til Hovden"

Foto: Marit Simonstad Kvaale



KVINNESPRANGET I SETESDAL

I oktober gjekk Kvinnespangen i Setesdal av stabelen for første gong. Agder fylkeskommune og Setesdal interkommunalt politisk råd inviterte kvinner i alle aldre til seminar om medverknad og deltaking.

Det ble skipa til fleire Kvinnespang rundt i Agder i 2022, og bakgrunnen var arbeidet med ulike planar, ikkje minst arbeidet med regionplanane. Målet er inspirere til å få med fleire kvinnestemmer i planlegging av samfunnsutviklinga i kommunane. Det var godt oppmøte, og det vart ein fin arena for refleksjonar og dei gode samtalene. Planen er å følgje opp med eit nytt Kvinnespang i 2023.

SETESDAL E-BIKE

Ei-sykkelssystemet Setesdal E-bike vart offisielt opna i 2021, med 30 elsyklar utplassert i kommunane Valle, Bygland og på Evje og Hornnes. Prosjektet ble gjennomført som eit samarbeid mellom kommunane og Setesdal Interkommunalt politisk råd og var også ein del av MARA-prosjektet. Syklar og system er finansiert av Klimasats og Setesdal IPR. I 2022 jobba ein for at tilbodet også blir tilgjengeleg i Bykle og Åseral kommune, noe styret også la til rette for i sitt vedtak, og ein reknar med at det vil vera på plass våren 2023.

Glimt frå Kvinnespangen i Setesdal
Foto: Setesdal IPR



Glimt frå samling for ungdomsråda på Troll Aktiv

Foto: Setesdal IPR



UNGDOMSRÅD

I samband med hovudstrategien utvikle attraktive og livskraftige bygder blei ungdommene og ungdomsråda løfta fram som viktige stemmer. I 2022 vart det skipa til ei fysisk samling for alle ungdomsråda og ordførarane med både fagleg og sosialt innhald.

Samlinga blei i etterkant samanfatta slik:

I to dagar denne veka var ungdomsråda frå alle kommunane i Setesdal samla på Troll Aktiv på Syrtveit. Det var mykje godt innhald og svært godt oppmøte. Formålet med samlinga har vore å verte kjent med kvarandre og å presentere planen om å etablere eit ungdomsråd i Setesdal. Det skal då veljast to representantar frå kvar kommune i Setesdal som skal vere medlem av Setesdal Ungdomsråd. Vedtekten er under arbeid og det er planlagt at samlinga som var no skal arrangerast kvart år.

På samlinga som var no starta me tysdag kl 13:00 med aktivitetar som rafting og klatring i klatreskogen, og me vart delt inn i to grupper slik at alle kunne få mogelegheit til å delta på båe

aktivitetane. Etter aktivitetane var det taco til middag og deretter var me i gong med dagens tema. Tysdagens tema var det Helene Vedal frå Agder Fylkeskommune som sto i spissen for. Helene snakka om rollefordeling, kva ein kan påverke og korleis og det å vere i eit ungdomsråd. Det var også gruppearbeid kor ungdommene valde seg tre ting dei brann for, og deretter skulle finne andre som brann for det same. Psykisk helse, transport og hengeplass var nokre av tema som ungdommene brann for. Dei fekk arbeide med desse tema på store plakatar kor dei kunne skrive og teikne for å vise korleis dei tenkte.

Onsdagen starta me med frukost og deretter var me i gong med tema som i dag var Erasmus+ prosjekt, Plan for mobilitet i Agder og Plan for handel og senterstruktur i Agder. Me hadde då besøk av Karen Helene Halvorsen, Lars Holmer-Hoven, Manuel Birnbirch, Ingvild Møgster Lindaas og Marit Vatn Jensen frå Agder Fylkeskommune. Første ut var Karen Helene og Lars som presenterte Erasmus+ prosjektet. Dette er eit høgt prioritert EU-prosjekt kor Setesdal er plukka ut til å kunne delta om ønskeleg. Det handler om

ungdomsmedverknad og dei har vald ut rurale område. Andre land som også er med er Hellas, Nord-Makedonia, Italia, Frankrike og Kypros. Ungdommane fekk tilbod om å delta i prosjektet og 5-6 ungdommar skrev seg på liste for å få meir informasjon. Dette er prosjekt kor ungdommane kan vise på sin måte korleis dei vil medverke og belyse tema som gjeld sin heimstad. Det blir spanande å følge med vidare.

Plan for mobilitet og plan for senter og handelstruktur var neste tema på planen denne onsdagen. Manuel presenterte plan for handel og senterstruktur i Agder. Det avslutta med gruppearbeid og ein menti.com undersøkelse. Det var spennande og engasjerande. Det var Ingvild og Marit som presenterte plan for mobilitet i Agder. Det engasjerte mange ungdommar då dette er noko dei stadig brenn for, i og med at det kan vere vanskeleg å komme seg frå ein plass til ein annan plass når du bur på bygda kor ikkje bussen går kvar time. Her var det også gruppearbeid og ungdommane jobba veldig godt.

Samlinga vart avslutta med lunsj og deretter aktivitetar.

REGIONALT POLITIRÅD

I februar 2022 vart det skipa til regionalt politiråd. Frå Agder politidistrikt møtte politimeister Kjerstin Askholt, politiinspektør Gordon Petterson, driftsenhetsleiar Jan Terje Aas, politistasjonssjef Sigurd Langeid, politikontakt Øyvind Haugen og politikontakt Stian Sandal. Frå regionen møtte styret i Setesdal IPR, administrativ leiing i kommunane og SLT koordinatorane.

Politirådet hadde i år hovudtema kriminalitetsutfordringer og førebyggjande arbeid blant barn og unge, politiets arbeid med trusselutsette og trusselutøvarar inkl. vald i nære relasjoner, seksuelle overgrep mot barn og unge og til sist ein open dialogrunde.

LADESTASJONSOPPFØLGING

Setesdal IPR gjennomførte ladestasjonsprosjektet i 2014 og 2015, og avtalen som blei inngått i 2015 gjekk ut sommaren 2022. Det blei i 2022 satt i gong eit oppfølgingsprosjekt med sikte på å få til ei mogeleg vidareføring av ladestasjonsprosjektet med mål om både klimanytte og fremme reiselivet. Prosjektet enda med at nye avtalar blei inngått. Åseral kommune er bunden av eksisterande avtalar for sine stasjonar, men prosjektet legg til rette for at ein kan inngå avtale også for Åseral kommune sine stasjonar etter at dei avtalane gjeng ut.

ARRANGEMENT

Setesdal interkommunalt politisk råd si støtteordning for arrangementsutvikling starta opp i 2019, og vart vidareført årleg. Føremålet med ordninga er auka verdiskaping i regionen. Gode arrangement skapar trivsel, samarbeid og utvikling, og er positive for fastbuande, reiselivet og for lokalt næringsliv. Det kjem inn mange søknader, og den totale søknadssummen er langt over det Setesdal IPR har avsett i budsjettet til føremålet.

Desse fekk støtte i 2022:

Villmarksdagane Høyt og vilt	10 000,00
Landbrukets dag	15 000,00
Viking & Villreis	20 000,00
Kristiansands sykkelklubb Hovden Tour	5 000,00
Ljådagana	5 000,00
Protestfestival	5 000,00
Eikerapen Rootsfestival	20 000,00
Setesdal kulturne	20 000,00
Jol på Syrtveit	15 000,00
Julegate Evje	15 000,00
Saukjøpmarknaden i Valle	15 000,00
"Setesdal i vår tid"	
v/Bykle og Valle kunstlag	10 000,00
Bygland dramatiske selskab	15 000,00
Julemarked på Hovden	15 000,00
HAUST 2022	15 000,00
Terrassejazz 2022	5 000,00

Vegopning

Glimt frå opningane av
RV9 Rotemo–Lunden og
RV9 Badstogdalen–Hartevatn
Foto: Geir Daasvatn





NÆRING

Næringsarbeidet i avgrensa betydning omfattar i hovudsak handsaming av regionalt næringsfond og løyvingar finansiert gjennom budsjetttramma. Likevel er det slik at hovudsatsingane våre meir implisitt også er næringsretta, noko som særskild gjeld for satsinga på å marknadsføre og utvikle Setesdal som reiselivsdestinasjon. At ordførarutvalet har valt å ha bedriftsbesøk som fast post på programmet når dei møtas ein gong kvar månad er også med og lyfter fram næringsfokus i Rådet og regionen. Setesdalskonferansen er også eksplisitt næringsretta, og fungerer som ein møteplass for både privat og offentleg sektor.

I samarbeidsavtalen som dannar grunnlag for Setesdal IPR er det eksplisitt nemnd at ein skal forvalte regionalt næringsfond gjennom eigne vedtekter vedteke av styret på ein slik måte at ein støttar og forsterkar dei tre hovudstrategiane.

Setesdal interkommunalt politisk råd deltek i Næringsalliansen Agder; i lag med omlag 9 andre aktørar. Alliansen samlast med jamne mellomrom for fagleg påfyll, dialog og informasjonsutveksling.

NÆRINGSSAKER OG REGIONALT NÆRINGSFOND

Fylkeskommunen løyvde kr 800 000,- som rammetilskot til regionalt næringsfond for Setesdal i 2022. Dei overordna føringane for fondet er slik:

- fleire gode gründerar eller auka nyskaping
- nye arbeidsplassar eller auka sysselsetting
- fleire vekstkraftige verksemder, auka omsetning, lønsem, auka verdiskaping
- auka konkurransekraft, produktivetsforbetringar
- fleire innovative næringsmiljø, eller meir innovative næringsmiljø
- kompetanseutvikling, eller auka tilgang på relevant kompetanse
- auka samarbeid mellom verksemder, eller med FoU-miljø
- omstilling av Sørlandet til lågutsleppssamfunnet
- internasjonalt samarbeid og internasjonalisering
- likestilling, inkludering og mangfold
- auka omstillingsevne, eller auka innovasjonsevne

Setesdal IPR løyvde tilsvarende beløp til regionalt næringsfond som Agder fylkeskommune.

Løyvingar ansvar 5300:

Bygland Bryggeri AS	65 000
Eikerapen gjestegard drift	39 965
Toddemonen Eiendom AS	129 500
Nor Dan Composites AS	31 020
Anything AS	100 000
Rekkverkmaster	170 000
Bykle vindu	120 000
FH-bygg	120 000
Otra Portal AS	20 000
Telhaug betong	654 000
Miljøfyrtårnsertifiseringsprosjekt Evjemoen Næringspark	100 000

Løyvingar ansvar 5000:

Sanden Media-filmprosjekt vdr Bykle kyrkje 400 år	50000
Vidareføring av ladestasjonsprosjektet	100 000
Styrekurs, interkommunale verksamder	70 000
Oppreten - Unesco folkemusikk/klinkbåt	30 000

Fra og med 2022 har ein valt å publisere oversikt over løyvingar på Setesdal IPR sin nettside, under menypunktet næring.

SETESDALSKONFERANSEN

Setesdalskonferansen er meint å vere ein arena for inspirasjon og ein møteplass for leiarar i private bedrifter og i det offentlege. Ein konferansekomité med representantar frå det private næringsliv og NHO-Agder vart etablert i 2021, og komitéen jobba godt i lag også i 2022.

10. november braka det laus med Setesdalskonferansen 2022 på Hovdestøylen med Ole Tom Nomeland som konferansier. Årets tema var Krafta kjem frå Setesdal, og med eit inspirerande program og særskilt godt påmelding vart det eit godt og samlande arrangement. Som kjøkemeister (toastmaster) var me så heldige å få med Bjarne Brøndbo frå DDE, og utsjådene blei det både allsang og gode menneskemøte.



Øvst frå konferansen. **Nedst** Stortingsrepresentant og Stortingets første visepresident Svein Harberg, deler ut Setesdalsprisen 2022 til Hovden Hytteservice AS v/Yngve Breivegen og Jo Breivegen Foto: Setesdal IPR



Vinnar av Setesdalsprisen 2022 var Hovden Hytteservice AS. Stortingsrepresentant og Stortingets første visepresident, Svein Harberg (H), delte ut prisen og syna til denne grunngjevinga:

Setesdalsprisen gis til ein person eller ei verksemd som over tid har bidrige til verdiskaping og positive ringverknadar i Setesdal. Altså til ei verksemd, eller ein person som bidrar til vekst og utvikling, og som er viktig for regionen som eit heile.

Juryen har i år bestått av ordførararane i dei 5 kommunane i regionsamarbeidet, Wenche Fresvik frå Agder fylkeskommune, Sveinung Hovstad frå Innovasjon Noreg og lokalt næringsapparat ved næringssjef i Bykle kommune, Ina Kjøstvedt.

Årets Setesdalspris går til ei verksemd som opphaveleg vart etablert så langt tilbake som i 1976. Frå ein sped start har verksemda blitt bygt Stein på Stein. I dag framstår selskapet som ein solid aktør i det private næringslivet med stadig nye oppgåver i avtaleboka og over 70 tilsette i sving lokalt og sentralt i landsdelen.

Me snakkar om ei familieverksemd, der generasjon 2 har kome inn. Frå 2003 har det vore to brør i førarsetet. I takt med ei aukande grad av utbyggjingsprosjekt i landsdelen har verksemda ekspandert og fått stadig nye oppdrag. Jobbar har vore levert til rett pris, til rett tid, med kvalitet på sluttprodukt og HMS godt innafor. Slike resultat har etter kvart gjeve prismottakarane eit omdøme som er marknadsføring godt som noko! Verksemda har også god fokus på rekruttering og ettervekst – det gjev seg mellom anna utslag i ein driftsfilosofi der lærlingar og kompetanseheving er ein viktig, raud tråd. Dette har då også resultert i lokal sysselsetting – og ein kan sjå direkte vidare konsekvensar for folketal og levande bygdesamfunn. Verksemda er eit godt døme på dei grunnsteinane som utgjer grunnmuren i bygde-Noreg.

